

MØTEBOK ODDA FJELLSTYRE

Tidspunkt: onsdag 14. november 2018 kl. 1800-2000

Stad: Kommunestyresalen i Odda

Desse møtte: Eivind Tokheim, John Helge Rasmussen (frå sak 36/18), Britha Sandal, Ørjan Angell og Mariann Nordstoga Berge

Meldt forfall:

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær),

Saker til styremøtet:

OFS 34/18: Meldingar

OFS 35/18: Referat frå møte 9. mai 2018

OFS 36/18: Oppsummering etter sesongen

OFS 37/18: Gjennomgang utleigeordning for hyttene

OFS 38/18: Gjennomgang ordning med oppbevaringskassar

OFS 39/18: Høyring av forslaga i NOU 2018:11 Ny fjellov

OFS 40/18: Plan for 2019 – hyttetilsyn, byggeprosjekt, tenestekjøp mm.

OFS 41/18: Eventuelt

Eivind Tokheim/s/

John Helge Rasmussen/s/

Mariann Nordstoga Berge/s/

Britha Sandal/s/

Ørjan Angell/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

OFS 34/18: Meldingar

Saksdokument:

2018.05.22-012.1.2.Odda fjellstyre-Møtebok 9.5.2018
2018.05.28-145.3-Norges Fjellstyresamband-Friluftsmidler 2018
2018.05.29-145.9-Sparebankstiftinga Hardanger-Avslagsbrev
2018.05.31-145.9-Norsk Friluftsliv-Tilskuddsordning-Turmat fra hele verden
2018.06.07-035.2-Odda fjellstyre-Byggesøknad uthus Bjørnavassbu
2018.08.06-612.3-Miljødirektoratet-Pålegg om å teste hjortevilt for skrantesjuka
2018.08.29-001.1-Landbruks- og matdepartementet-Høringsbrev NOU 2018_11 Ny fjellov
2018.09.28-612.3-Miljødirektoratet-Prøveuttak og behov for å friskmelde Nordfjella sone 2 og Hardangervidda
2018.10.03-619-Fjellstyresambandet-Invitasjon til villreinseminar
2018.10.08-145.9.Odda fjellstyre-Søknad om gåve frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad
2018.10.09-001.1-Fjellstyresambandet-Utkast til høyringsuttalelse pr. 9.10.18
2018.10.24-612.3-Hardangervidda villreinutval-Invitasjon haustmøte 2018
2018.10.30-145.9-Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad-Avslag på søknad
2018.11.01-145.9-Kulturdepartementet-Kvittering på innsendt søknad om spelemidlar
2018.11.04-145.9-Sparebankstiftinga Hardanger-Gåvebrev

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Leiar og sekretær gjekk gjennom meldingane.

Vedtak (sak OFS 34/18):

Styret tek meldingane til orientering.

OFS 35/18: Referat frå møte 9. mai 2018

Saksdokument:

- 35-18 Møtebok frå møte i Odda fjellstyre 9. mai 2018

Saksutgreiing:

Framlegg til endring av praksis for godkjenning av møtebok:

Fjellstyret har hatt som praksis å godkjenne referata på neste møte. Det kan gå fleire månadar mellom kvart møte. Ei godkjenning av referatet etter fleire månadar gir lita meining, slik sekretær ser det, då vedtaka ofte er sett i verk lenge før neste møte. Sekretær foreslår at fjellstyret går over til ei elektronisk godkjenning av referata. Det vil i praksis sei at alle må stadfeste at referatet som blir sendt ut på e-post er korrekt (ved å svare på e-posten). I dei tilfella det blir gjort endringar etter innspel frå styremedlemmene blir referatet sendt ut på nytt, og alle må stadfeste på nytt at referatet er korrekt. Det er i praksis det som blir gjort i dag, ved at referatet blir sendt ut på høyring til styremedlemmene før offentliggjerjing, men den formelle godkjenninga av referatet manglar.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret endrar praksis for godkjenning av referata i tråd med framlegg i saksutgreiinga.

Referat:

Det var semje i styret om å endre praksis for godkjenning av referata i tråd med framlegget i saksutgreiinga.

Styret godkjenner referat referatet frå møte 9. mai 2018.

Vedtak (sak OFS 35/18):

Praksis for godkjenning av møteboka blir endra i tråd med framlegget i saksutgreiinga.

Styret godkjenner referatet frå møte 9. mai 2018.

Samrøystes vedteke.

OFS 36/18: Oppsummering etter sesongen

Saksdokument:

Saksutgreiing:


Utleige

	Tal overnattingar	Omsetnad
Belebu	285	kr 28 500
Belebu vinter		kr 800
Bjørnavassbu	118	kr 11 800
Langavassbu	28	kr 2 800
SUM		kr 43 900

Jakt

Fellingsresultat på Odda fjellstyre sine kort:

	Kalv	1 ½	2 ½ og eldre	I alt
Hanndyr	4	0	16	20
Hodyr	0	1	7	8
I alt	4	1	23	28



I løpet av jakta blei 10 kort returnert og selt vidare til jegerane som sto på varalista.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Saka blei kort drøfta. Inntektene frå utleige er lågare enn budsjettert. Dette kjem i hovudsak av færre overnattingar i jakta.

Vedtak (sak OFS 36/18):

Styret tek meldingane til orientering.

OFS 37/18: Gjennomgang utleigeordning for hyttene

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Jf. saka eventuelt på førre møte ynskjer fjellstyret ei sak om utleigeordninga på dette møtet.

Rutinar for tildeling av utleige

I 2018 hadde fjellstyret ei ordning tilsvarande tidlegare år, der dei som var interessert i å leige hytte sendte søknad innan ein viss dato. Hyttene blei leigd ut for ei veke i slengen (laurdag til laurdag). I sommarhalvåret blei hyttene leigd ut i heile deler (del nord og sør i Bjørnavassbu, liten og stor del i Belebu), medan ein kunne leige enkeltsenger i reinsjakta. Tildeling av leige blei gjort etter prinsippet om at dei som leigde i fjor stiller nedst i køen for dei vekene der det er fleire som ynskjer å leige. Utfordringa med denne ordninga er at dei som leiger eit år kan ende opp med å få leige året etter (sjølv om det er andre som ynskjer den veka), ved at det er ein annan person som søkjer om å leige (for den same gruppa som leigde i fjor).

Ei mogleg løysing på dette er at ein ved søknad om leige skal oppgi namn på alle dei som skal vera med. Folk er stort sett ærlege, og dette vil nok gjera tildeling av utleige meir rettferdig.

Nettbasert utleigeordning

I jakta er det ein del som ynskjer å leige på kort varsel. Sekretær er ikkje tilgjengeleg i lengre periodar i jakta, og ein er då avhengig av at fjellstyremedlemmene tek seg av dette. Også utfordrande når fjellstyremedlemmene er vekkreist. Ei løysing på dette er å gå over til å bruke den same nettløysinga som Ullensvang fjellstyre brukar. Scanatura er ein nettportal som Inatur eig. Det er ei «enkel» bookingløysing som har sine avgrensingar, men det fungerer. Sjå døme på ei slik bookingside her:

<https://scanatura.no/webshop/?ID=1045&ObjektID=116127&produktID=>

Bruken av denne sida kan kombinerast med ei søknadsbasert tildeling av hytteleige før sesongen. Etter tildelinga kan det som er ledig gjerast tilgjengeleg på nett. Veldig aktuelt i reinsjakta, når folk bestemmer seg for å reise på jakt på kort varsel, men også for å fylle opp ledig kapasitet om sommaren.

Utleige via Scanatura er ikkje synleg på Inatur.no. Ein må inn på nettsida til fjellstyret for å finne linken. Ullensvang fjellstyre har valt denne løysinga i staden for utleige på Inatur for at det ikkje skal vera for tilgjengeleg. Det blir på den måten litt enklare for innanbygdsbuande å behalde utleigeordninga som «sitt», og det blir meir tydeleg at fjellstyrehyttene fyrst og fremst er knytt opp til jakt og fiske i området, og ikkje ei «turisthytte». Det kan leggjast inn ei sperre på dei aktuelle postnummera (5750, 5751, 5763 og 5770), slik at ein ikkje får bestilt overnatting viss ein legg inn ei adresse med eit anna postnummer.

Kostnaden ved å bruke Scanatura er ei grunnavgift på 2000,-. I tillegg tek Inatur 12,25 % i provisjon på sal via nett. Når sekretær legg inn bestillingane og tek seg av fakturering utanom Inatur (aktuelt ved tildeling av leige før utleigeordninga blir lagt ut på nett) tek Inatur 3,75 % i provisjon.

Nøkkel/nøkkelboks

Med dagens ordning, der nøkkel skal hentast på Joker Skarsmo, må butikken/Eivind få beskjed om kven som leiger. Det ordnar seg ved at ein e-post blir sendt ut automatisk når det er gjennomført eit kjøp (til Eivind eller butikken). Utfordringa kan vera at det blir mangel på nøklar (?). Ei løysing på det (eventuelle) problemet er å montere kodeboksar ved dørene, der nøklane heng fast i ein kjetting. Dei som bookar overnatting får tilsendt ein e-post med koden til boksen når dei har betalt.

Utleige av Langavassbu

Langavassbu er veldig lite brukt. Ei utleige hausten 2018. Det er med andre ord lite etterspurnad etter hytta blant innanbygdsbuande i Odda. Sekretær foreslår at fjellstyret tek ei vurdering på om det er mogleg å tenke litt nytt rundt denne hytta. Området rundt Ringedalsvatnet er eit mykje brukt utfartsområde. Det er heilt sikkert potensiale for å auke belegget på hytta dersom ein ynskjer det. Det er fiskeressursar i området som med fordel kan nyttast betre.

Sekretær ser det som veldig aktuelt å bruke ei nettløysing for utleige av denne hytta. Alternativa er Scanatura, som skildra over, eller direkte utleige på Inatur. Eit døme på leige via Inatur er Ulvik fjellstyre si hytte på Finse:

<https://www.inatur.no/hytte/50f41543e4b0a76bd875d249/finsebu-finaste-plassen-pa-heile-finse>

Ved å bruke Inatur blir tilbodet svært synleg. Merk at det er mogleg å legge inn ein rabatt for innanbygdsbuande på utleigesida på Inatur.

Viss fjellstyret ynskjer å legge til rette for auka utleige av Langavassbu ser sekretær det som heilt avgjerande at det blir nytta ein kodeboks med nøkkel i staden for henting av nøkkel i Skare. Utleiga må og fyljast opp ved tilsyn sommar og vinter. Dette kan vera ei oppgåve som sekretær tek seg av.

Utleige i vinterhalvåret

Jf. saka Eventuelt på førre møte skal praksis for utleige i vinterhalvåret takast opp som ei sak. Dersom fjellstyret skal ha eit tilbod om utleige av hyttene i vinterhalvåret bør det lagast nokre retningslinjer. Det kan til dømes vera dobbel pris samanlikna med utleige i sommarhalvåret – 200,- per seng (2018-prisar). Fjellstyret bør og ta stilling til om det skal vera mogleg å leiga enkeltseger, eller om ein berre skal leige ut heile hytta. Aktuelle problemstillingar er kva for ein periode på vinteren det skal opnast for utleige. Skal det opnast for utleige til hundekøyrarar? Det har vore diskutert om ein ikkje skal leige ut fjellstyrehyttene på Hardangervidda til hundekøyrarar på grunn av omsynet til villrein. Periode for eventuell utleige i vinterhalvåret bør og fastsetjast.

Møte med brukarane av hyttene

Jf. saka Eventuelt på førre møte ynskjer fjellstyret eit møte med brukarane av hyttene for å diskutere utleigeordninga. Dersom fjellstyret kjem fram til ei ny ordning for utleiga i 2019 kan det kanskje vera ein ide å presentera dette på eit slikt møte.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Eivind Tokheim orienterte om at ordninga med utdeling av nøklar på Joker Skarsmo har fungert bra i år. Styret var samd i at dette er ei løysing som fungerer bra, og at det ikkje er behov for å endre dette.

Rutinar for tildeling av leige blei diskutert. Styret er samd i at ein må finne ei ordning der søkjarane opplyser om kven som skal vera med på turen. Dette blir teke opp på nytt i fyrste

fjellstyremøte i 2019. Styret ynskjer eit møte med brukarane av hyttene der dette blir diskutert. Ein aktuell møtedato er torsdag 7. februar.

Utleige av Langavassbu blei diskutert. Det var semje om at det må lagast ein plan for marknadsføring av hytta. Styret ynskjer ikkje å legge opp til utleige for utanbygdsbuande. Sekretær undersøker moglegheit for å selje hytta.

Utleige i vinterhalvåret blei diskutert. Det var noko delte meiningar om fjellstyret skulle opne for dette, og i kor stor grad. John Helge Rasmussen ynskte utleige i vinterhalvåret. Konklusjonen var at hyttene ikkje skal leigast ut i vinterhalvåret. Hovudgrunngevinga for dette var stort vedforbruk, eventuelle konflikhtar med dugnadsturar og ynskje om redusert trafikk inn i villreinområdet på ettervinteren.

Vedtak (sak OFS 37/18):

Utleige av hyttene blir handsama i tråd med konklusjonane i referatet.

OFS 38/18: Gjennomgang ordning med oppbevaringskassar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det blir no leigd ut ni kassar i Belebu og fem kassar i Bjørnavassbu.

Det kjem innimellom førespurnadar om fjellstyret vil leige ut fleire kassar. Det kan difor vera ein ide å avgjera om det skal opnast for fleire kassar, eller om det er nok med dei kassane som blir leigd ut no.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Saka blei kort diskutert. I Belebu blir det laga ei hylleordning til kassane i gangen. Det blir gjort ei vurdering om det er plass til fleire etter at dette er gjort.

Reglane for leige av oppbevaringskassar skal takast opp før den fyrste 5-årsperioden går ut.

Vedtak (sak OFS 38/18):

I Belebu blir det laga ei hylleordning til kassane i gangen. Det blir gjort ei vurdering om det er plass til fleire etter at dette er gjort.

Reglane for leige av oppbevaringskassar skal takast opp før den fyrste 5-årsperioden går ut.

Samrøystes vedteke.

OFS 39/18: Høyring av forslaga i NOU 2018:11 Ny fjellov

Saksdokument:

- 39-18 Høyringsbrev NOU 2018-11 Ny fjellov
- 39-18 Utkast høyringsuttale NFS

Saksutgreiing:

Statsallmenningsutvalet har no gjort ferdig sitt arbeid og levert sitt forslag til endring i Fjellova. Heile NOU-en kan lesast her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2018-11/id2605120/>

Landbruks- og matdepartementet har sendt forslaget på høyring med frist i februar 2019.

Norges Fjellstyresamband (NFS) har som kjent delteke i arbeidet med ny fjellov i form av ein representant i utvalet. Utvalet har i sitt forslag delt seg i to i fleire spørsmål av prinsipiell karakter. Det er her eit fleirtal og eit mindretal der NFS sin representant høyrer til fleirtalet i alle spørsmål.

NFS har no sendt ut forslag til høyringsuttale. Det er ynskjeleg frå NFS si side at fjellstyra i Noreg står samla om ei felles uttale. Alle fjellstyra skal likevel kunne kome med sine innspel gjennom NFS. Det vert derfor lagt opp til at fjellstyra skal kome med innspel til NFS innan 25 november.

For fjellstyra rundt Hardangervidda så vil det og bli slik at ein diskuterer dette i fellesmøte i Eidfjord den 23 november.

Sakshandsamars vurdering:

Det har no vorte jobba aktivt med ny fjellov i lang tid frå mange i fjellstyresystemet. Det er gjort ein stor jobb undervegs i utvalsarbeidet med å få gjort det ein kan for å styrke fjellstyresystemet. Resultatet er at eit fleirtal i utvalet støttar NFS sine synspunkt for ny Fjellov.

Etter sakshandsamar si vurdering er fleirtalsutkastet veldig bra for framtida til fjellstyra. Det som kunne vore betre er forankring rundt økonomi for drift av fjellstyresystemet. Det er det heller ikkje i dag.

Sakshandsamar ser det som veldig viktig at fjellstyra no står samla om si støtte til det NFS har jobba fram. Ein kan ikkje sjå at det er moment som ikkje er ivareteke med NFS si handsaming av saka.

Framlegg til vedtak:

Odda fjellstyre støttar NFS sitt framlegg til høyringsuttale.

Referat:

Eivind Tokheim gjekk gjennom høyringsuttala frå NFS. Det var ingen merknadar til at fjellstyret støttar NFS sitt framlegg til høyringsuttale.

Vedtak (sak OFS 39/18):

Odda fjellstyre støttar NFS sitt framlegg til høyringsuttale.

Samrøystes vedteke.

OFS 40/18: Plan for 2019 – hyttetilsyn, byggeprosjekt, tenestekjøp mm.

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Gjennomgang på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Status for Belebu og Bjørnavassbu etter stengerunden i haust blei gått gjennom:

Belebu:

- Ved: 27 sekkar
- Gassflasker: 3 tomme, 2 fulle, 1 nesten full, 1 nesten tom
- Rikeleg med toalettpapir (40 rullar)
- Tomt for sanitærbark
- Årer: Eit par er knekt, og blei erstatta med årene til båten ved Litlos i sommar. Eivind kjøper inn tre nye par.
- Det blir kjøpt inn nokre redningsvestar til born

- Senklede er teke heim, og blir vaska
- Det blir jobba med å få til DAB-radio i hytta. Bjørn Buer tek seg av innkjøp av det som trengs.

Britha Sandal og Mariann Berge har ansvar for innkøring av utstyr og gjennomføring av eventuelle hyller i gangen til utleigekassane.

Bjørnavassbu:

- Ved: 12 sekker
- Gass: 2 fulle, 1 tom
- Lite toalettpapir
- Senglede er teke heim og blir vaska
- DAB-dekning er mogleg, John Helge jobbar med dette
- Hytta skal beisast i 2019. Bordkledninga må skifast på sikt, men ein avventar dette til økonomien er betre.
- Det må gjerast vedlikehaldsarbeid på takplatene i 2019.

John Helge Rasmussen orienterte om at det har vore synfaring i samband med byggesøknaden til uthus ved Bjørnavassbu. Tilsynsutvalet har gitt tilbakemelding om at dei ikkje er einige i plasseringa av bygget. John Helge har ein dialog med dei om dette. Byggesakshandsamar i Ullensvang herad har også bedt om fleire detaljar til søknaden. John Helge tek seg av dette.

Fjelloppsynet tek seg av transport av ved og gass til Langavassbu.

Det vart også diskutert opprusting av naust og eventuell byggesøknad om dette. I tidlegare møter har sekretær tatt på seg å søka om midlar til utbygging av toalett og eventuell opprusting av naust. Fjellstyret har ikkje hatt oppe sak om byggesøknad, dette må ein eventuelt koma tilbake til som eiga sak i fjellstyret.

Vedtak (sak OFS 32/18):

Fjellstyret gjennomfører dei ulike arbeidsoppgåvene i tråd med konklusjonane i referatet.

OFS 41/18: Eventuelt

Sal av skuteren

Det er semje i styret om å selje skuter og slede. Det blir lyst ut samla for 10.000,-. Dersom det er kome inn fleire bud til ein fastsett frist, blir det lagt opp til ein budrunde. Det skal lysast ut på heimesida, facebook-sida til fjellstyret og «Finn – ODDA og litt til» på Facebook. Sekretær tek seg av dette.

Fjellstyret vil behalde bilhengaren inntil vidare. Han må flyttast frå der han står lagra no, og fjellstyremedlemmene undersøker om det finns ein alternativ lagringsplass.

Fjellstyrestruktur etter kommunesamanslåinga

Ullensvang fjellstyre har teke initiativ til at det blir oppretta kontakt med Statskog for å forsøke å avklare problemstillingar rundt eventuell endring i fjellstyrestrukturen og handtering av rettar for innanbygdsbuande etter kommunesamanslåinga. Føremålet med dette er å avklare juridiske problemstillingar, slik at kommunane har eit godt grunnlag for å uttale seg til Statskog om framtidig fjellstyrestruktur. Det blir lagt opp til eit møte mellom fjellstyra og ordførarane for å informere dei om problemstillingane, og deretter blir det lagt opp til møteverksemd med Statskog, Fjellstyresambandet og Miljødirektoratet.

Ullensvang fjellstyre ynskjer at Odda fjellstyre deltek på dette arbeidet. Det blei diskutert på møtet om Odda fjellstyre bør delta i prosessen. Det blei vist til at det er ulike meiningar om den framtidige fjellstyrestrukturen mellom dei to fjellstyra, men at Odda fjellstyre i alle tilfelle bør delta i denne prosessen. Det var semje om at Britha Sandal og Eivind Tokheim deltek frå Odda fjellstyre.

Ny forvaltningsmodell for Hardangervidda nasjonalpark

Eivind Tokheim orienterte om prosessen med ny forvaltningsmodell for Hardangervidda nasjonalpark. Saka blei kort diskutert.

Eivind orienterer om prosessen ny forvaltningsmodell Hardangervidda. Diskusjon i møtet om kva som er bra, dagens eller ein ny modell. Saka kjem til kommunane etter kvart...

Saker til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:

Sakene til neste møte i Fellesstyret blei ikkje gått gjennom.